

Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Dato: 30.11.2015
Vår ref.: 2015/9722-46
Saksbehandlar: karklep2
Dykkar ref.:

Unike Regionale utviklingsprosjekt Hordaland 2015. Avslag på tilskot til Hardangerbadet.

Søknadsnummer: 2015-0205

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til ovannemnde prosjekt. Fylkesutvalet handsama saka i møte 18.-19. november 2015.

Vi må diverre melde avslag på søknaden om økonomisk støtte. Vurdert i høve til andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi ikkje kan vere med på å finansiere prosjektet.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til; Hordaland fylkeskommune.

Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Eller på e-post til Regional@hfk.no
Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga på, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare!

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er;

Kari Patricia Kleppe

E-post: kari.patricia.kleppe@hfk.no. Telefon: 55239568

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Jan Tjosås